

Foreslå kandidatar til Karl Evang- prisen 2010

Frist for innsending av søknad eller framlegg om kandidatar er 20. august 2010

Prisen er på kr. 50 000.

Karl Evang-prisen vart oppretta som ein honnør til den tidlegare helsedirektøren for hans sosialmedisinske pionerinnsats. Målet med prisen er å stimulere interessa og arbeidet for folkehelsa og sosiale forhold som har tyding for denne.

Karl Evang-prisen for 2010 skal gå til ein person eller organisasjon som har gjort ein særleg innsats for å fremje

- folkehelsa og sosiale forhold med tyding for denne
- rettstryggleik og tryggleik i barnevernet, helse- og/eller sosialtenesta
- opplysningsarbeid og medverknad i samfunnsdebatten om viktige helse- og sosial- og/eller barnevernpolitiske spørsmål

Det er ingen føresetnad at vedkommande person eller organisasjon er knytt til barnevernet eller helse- og sosialtenesta. Det vert lagt vekt på at innsatsen er aktuell, men innsats over tid vil óg bli vurdert.

Prisen blir delt ut i samband med Helsetilsynet sitt årlege Karl Evang-seminar **tirsdag 19.oktober**. Seminar og prisutdeling finn stad på Høgskulen i Oslo. Seminaret er ope for alle og vert annonsert på Statens helsetilsyn si heimeside.

Komiteen som vel prisvinnar består av:

professor Aslak Syse, Institutt for offentlig rett, Det juridiske fakultet, Universitetet i Oslo (leiar)

journalist Marie Rein Bore, Stavanger Aftenblad

professor Steinar Westin, Institutt for samfunnsmedisin, Det medisinske fakultet, NTNU, Trondheim

høgskolelektor Elisabeth Brodtkorb, Diakonhjemmet Høgskole, Oslo

seniorrådgjevar Sidsel Platou Aarseth (sekretær), Statens helsetilsyn.

Skriftleg søknad/framlegg kan sendast med ei grunngjeving av kandidaten sjølv eller andre personar og organisasjonar til:

evangprisen@helsetilsynet.no

eller til:

Statens helsetilsyn

Avd. II

Postboks 8128 Dep

0032 Oslo.